



Luster kommune

2026

Retningslinjer for næringssaker

Vedteke i kommunestyret 05.02.26

Bakgrunn

Utgangspunktet for sakshandsaming av næringssaker som gjeld finansiering i Luster kommune er «Vedtektene for konsesjons- og næringsfondet».

Den næringspolitiske praksisen til Luster kommune har vore at lån kan gjevast til fysiske investeringar som bygg, maskiner, utstyr o.l. Det vert ikkje gjeve lån til køyretøy.

Tilskot kan gjevast til finansiering av bedriftsutviklingstiltak som oppstarting, marknadsføring, opplæring, produktutvikling etc.

Mynde til forvaltning av næringsfondet

Næringsutvalet har fullmakt til å yte inntil 250.000 kr i tilskot og inntil 750.000 kr i lån.

Saker med storleik utover dette vert handsama av kommunestyret.

Det kan ytast tilskot inntil kr 150.000 med administrativ avgjer, gjennom delegerte vedtak som vert referert i formannskapet. Dette gjeld regelstyrde og kurante saker, som til dømes oppstartstilskot.

Vedtak om tilskot eller lån i næringsfondet vert definert som enkeltvedtak med klagerett etter forvaltningslova §28.

Kommunestyret sitt vedtak i sak 05/26

- 1) Kommunestyret vedtek dei reviderte retningslinjene for næringssaker slik dei ligg føre, med følgjande endringar:
 - a) Minstekrav til investering vert same for alle næringar på kr. 500 000
 - b) Tilskot til nydyrking vert auka til kr 7500 pr. daa.
 - c) Avsnitt om tilskot til direkte reduksjon av klimagassutslepp vert teke ut
- 2) Kommunedirektøren får fullmakt til å oppdatere retningslinjer for næringssaker i tråd med kommunestyrevedtaket
- 3) Kommunestyre ber kommunedirektøren syte for etablering av interne rutinar for å følgje opp nye lovkrav om bagatellmessig støtte
- 4) Retningslinjer for næringssaker gjeld for søknadar motteke frå 1.1.2026

Innhald

1.1 Lån.....	4
1.2 Tilskot.....	4
1.3 Nokre overordna grunnhaldningar	5
1.4 Tilhøvet til Innovasjon Noreg og andre finansieringskjelder.....	6
1.5 Hovudsyn på kommunal medverknad til finansiering i nokre bransjar	7
1.5.1 Varehandel og service	7
1.5.2 Transport/bygg/anlegg	7
1.5.3 Reiseliv	7
1.5.4 Småkraft	8
1.5.5 Industri	8
1.5.6 Landbruk	8
1.5.7 Bygdeutviklingsarbeid	11
1.5.8 Klima- og miljøsatsingar	11
1.5.9 Tilskot til arealplanlegging.....	12
1.6 Utbetaling - rutinar	12
1.7 Mellomfinansiering av spelemidlar.....	13

1.1 Lån

Nivå på lån i næringsfondet kan variere mellom 15% og 25% av kostnadene på tiltaket som skal finansierast. Vanleg praksis er at 20% av kostnadene på eit tiltak kan finansierast med lån frå kommunen. Det gjeld og landbrukslån med lægre rente.

Regelverket gjev høve til inntil 3 års rente- og avdragsfri periode, 2 år er vanleg rente- og avdragsfri periode. Låna har pr dato 4,75 % rente. Investeringa må vere på minst 500.000kr for å kvalifisere til lån i næringsfondet.

Nedbetalingstida vil variere etter kva formål lånet har, dvs forventa levetid på objektet som skal finansierast. Investering i bygg kan såleis gje lån med nedbetaling over 15 år.

Det bør ikkje vere over 2,5 millionar til saman i lån frå næringsfondet til ei verksemd/eit engasjement/eit tiltak. Låna er til vanleg pantelån, med sikkerheit etter bank og eventuelt Innovasjon Noreg. Ved overskridingar der det vert vedteke tilleggsfinansiering til eit prosjekt, vil kommunen ofte halde på opphavleg prioritet. Dei siste åra har det vore lite tap på lån. Kommunedirektøren kan til vanleg handsame kurante prioritetsvik for eksisterande næringslån, i høve nye lån frå anna långjevar. Næringsutvalet kan vedta nye vilkår for nedbetaling av eksisterande næringslån.

Leasing er ei finansieringsform som ikkje gjev eigedomsrett til objektet som vert finansiert. Objekt som er finansiert gjennom leasing skal ikkje takast med i kostnadsplanen som Luster kommune legg til grunn for vurdering av storleik på næringslån. I tilfelle det ikkje er aktuelt å yte pantelån, vil låna bli gjevne som gjeldsbrevlån.

Søknadar om lån vert handsama fortløpande, utan eigen søknadsfrist.

1.2 Tilskot

Storleiken på tilskot er og til vanleg 20 - 30% av kostnaden på tiltaket som skal finansierast. Nivå på tilskot skal vurderast ut frå potensiale på arbeidsplassar og udekka tenestebehov i Luster. Det skal vere relativt betydelege satsingar før kommunen går inn og tek del i finansieringa. Tiltak som er meir å rekne som vanleg drift vil ikkje bli prioriterte for kommunal medfinansiering.

Ved oppstarting av mindre verksemder/ einmannsføretak er praksis som fylgjer:

I slike saker har det vore gjeve eit skjønsmessig oppstartingstilskot, som skal dekke deler av dei spesielle kostnadene som kjem i samband med oppstarting (registrering, marknadsarbeid, kontoretablering, kjøp av utstyr i oppstartingsfasen, låg produktivitet i oppstartingsfasen m.m). Det kan takast med eige arbeid inntil 75 timar a kr 300 i kostnadsoppsettet. Oppstartingstilskotet skal ikkje overstige 50% av kostnadene med oppstart.

Oppstartingstilskotet har variert noko, alt etter storleik på tiltaket og forventa kostnader i startfasen. Til vanleg er tilskot til oppstarting kr 40.000. Det er ein føresetnad for å få oppstartingstilskot at søkjar tilfører nye tilbod eller vekst i det samla næringsliv.

1.2.1 Søknadsfristar og handsaming av søknadar

Luster kommune har to søknadsfristar for handsaming av tilskot til næringsutvikling, medio april og medio oktober. Søknadsfristen vert annonsert med om lag ein månads frist og alle søknadar vert handsama i ei samla sak i næringsutvalet. Ramma for tildeling av tilskot vert fastsett ved vedtak av budsjett og økonomiplan. I 2026 er det budsjettert med 2 mill.kr til bedriftsutviklingstilskot på næring.

Til første søknadsrunde kan det tildelast om lag 50% av budsjetttramma, slik at det er noko restmidlar til fordeling i hausttildelinga.

Den administrative fullmakta til å gjere delegerte vedtak er primært tenkt brukt til oppstartstilskot, der søknadar framleis kan handsamast løpande. Tilskot løyvd her vert også del av den samla tilgjengelege budsjetttramma, og administrasjonen må ta høgd for dette i si handsaming av søknadar.

Det er budsjettert med eigne tilskotspottar til landbrukstilskot, desse vil få løpande, administrativ behandling som tidlegare, og vert ført direkte mot næringsfondet.

1.3 Nokre overordna grunnhaldningar

Løpande utskifting av utstyr/maskiner/køyretøy i eit føretak som er i drift er ikkje prioritert. Reell nyinvestering/nysatsing for å auke aktivitet, utvikle teknologisk nivå, auke produktivitet og sysselsette fleire, vil ha høgre prioritet.

Luster kommune prioriterer ikkje å yte lån til kjøp av bygg og brukt utstyr.

Finansiering av nybygg har prioritet. Det må vere betydelege oppgraderingar/opprusting/utviding av eksisterande bygg før Luster kommune skal gå inn med finansiering.

Nokre av dei som vil starte eiga verksemd, vil gjere dette samstundes som dei er i løna arbeid på full tid. Luster kommune vil prioritere dei som satsar så mykje på sin ide eller si verksemd at dei – som hovudregel – vil bruke minimum 50 % av arbeidstida på dette. Viss søkjar ikkje jobbar minimum 50% av arbeidstida, eller har andre tilsette som jobbar i verksemda, så må det framleggast plan for når det vil kome sysselsetjingseffekt av tiltaket.

Tilskot til opplæring i samband med nyttilsetjing vil berre ha prioritet dersom talet på tilsette reelt aukar og det er særlege krav til kompetanse hos dei nyttilsette.

Støtte til opplæring elles vert prioritert i dei tilfella verksemda gjer eit «kompetanseløft» som krev betydeleg ny opplæring og kvalifisering hjå dei tilsette. Støtte til løpande, nødvendig fagleg oppdatering av dei tilsette er ikkje prioritert.

Verksemdar i bransjar med marknad utafor kommunen og regionen vil ha prioritet.

Bakgrunnen for det er vekstpotensialet sin storleik. Forretningsområde som ikkje finst i kommunen/regionen vil og vere interessant sjølv om marknaden er lokal. Hovudprinsippet om å unngå konkurransevriding, dvs «den enes død - den andres brød» gjeld. Det kan likevel – i nokre tilfelle - vere bra å få utbyting i ein bransje, og det kan vere sunt å få inn personar/verksemdar med spesielle kvalitetar.

Luster kommune kan i særskilde tilfelle bidra med finansiering til regionale prosjekt for å utvikle den regionale arbeidsmarknaden, sjølv om den primære arbeidsplassveksten ikkje skjer i Luster. Eit døme kan vere «prosjekt for å auke statlege arbeidsplassar i Leikanger/Sogndal».

Prosjekt med høg innovasjonsgrad og positiv effekt på klima skal prioriterast og kan eventuelt etter nærare vurdering få betre utteljing enn utgangspunktet i retningslinjene.

1.4 Tilhøvet til Innovasjon Noreg, andre finansieringskjelder og rutiner for bagatellmessig støtte

1.4.1 Tilhøvet til Innovasjon Noreg og andre finansieringskjeldee

Utgangspunktet for kommunen sitt næringsarbeid er å arbeide aktivt for maksimal medfinansiering frå andre offentlege finansieringsinstitusjonar for prosjekt og verksemder i Luster. Det betyr at kommunal støtte må innrettast slik at den ikkje gjev avkorting av støtte frå fylkeskommunale eller statlege ordningar.

Det er eit godt samarbeid med Luster Sparebank og andre bankar i nærings saker.

Næringsarbeidet Luster kommune må vere i samsvar med dei internasjonale regelverk Noreg har slutta seg til på statsstøtteområdet.

1.4.2 Rutiner for bagatellmessig støtte og registeringsplikt

Bagatellmessig støtte

Bagatellmessig støtte er støttemottak inntil 300 000 euro (om lag 3 millionar kroner) over ein periode på tre år, per foretak. Dette er små støttebeløp som ikkje skal påverke konkurranseforhold eller handel mellom EØS-land, og som difor ikkje krev ESA-godkjenning.

For at kommunen kan yte støtte som bagatellmessig, må desse vilkåra vere oppfylte:

- Beløpsgrense: Maks 300 000 euro per foretak over tre år, rekna frå dato til dato.
- Foretaksdefinisjon: Støtte reknast per «foretak» – også underliggjande selskap eller konsern skal med, dersom dei inngår i same økonomiske eining.
- Nøyaktig beløpsberekning (transparens): Beløpet må fastsetjast klart, t.d. ved sal av kommunal eigedom under marknadspris. Det same vil nok gjelde når næringslån vert gjeve med ein periode med rentefritak, då må støttebeløpet som ligg i det rapporterast inn.

Kommunen må i tillegg:

- Innhente opplysningar frå søkjar om eventuell tidlegare bagatellstøtte i treårsperioden.
- Gi skriftleg tildelingsbrev som syner støtteformål og beløp.
- Sørge for å ha dokumentasjon i 10 år, i tilfelle opplysningar krevjast av ESA.

Registeringsplikt i Støtteregisteret

Frå 1. januar 2026 er kommunen pålagd å registrere alle einskildtildelingar av bagatellmessig støtte (og støtte til allmenne tenester av økonomisk betydning), uansett beløp. Støtta skal meldast til Støtteregisteret i Brønnøysundregistrene innan 20 verkedagar frå tildelingstidspunktet.

Føremålet med registreringa er meir openheit og lettare innsyn i offentlege støtteordningar. Nasjonal og internasjonal kontroll med støttevolum og konkurransevilkår. Det er støttegjevar (i vårt tilfelle Luster kommune) som har det formelle ansvaret for å registrere tildelingane.

Tiltak	Handling
Ved tildeling	Gjennomgå vilkår for bagatellmessig støtte, hente nødvendige opplysningar, skrive tildelingsbrev
Inntil 20 dagar etter	Registrere tildeling i Støtteregisteret
Etter registrering	Arkivere dokumentasjon i 10 år, tilgjengeleg for ev. ESA-kontroll

1.5 Hovudsyn på kommunal medverknad til finansiering i nokre bransjar

1.5.1 Varehandel og service

Kommunen har vore varsam med å gje støtte til oppstart av butikkar i bransjar som alt finst i kommunen. Bakgrunnen for ei slik haldning er at eit nytt føretak i ein pressa bransje kan føre til at det alt eksisterande tilbodet må leggje ned. Når det gjeld daglegvarer har kommunen vore med å støtta etablering/utvikling av kolonialbutikkar, men då er argumentasjonen at det er viktig med eit butikktilbod i den aktuelle bygda.

Fellestiltak for å løfte nivået på kompetansen i bransjen vil kunne få kommunal medfinansiering.

Tenesteytande næringar er ei vekstnæring på landsbasis. Dette er ofte verksemder som opererer i ein regional og/eller nasjonal marknad. Å yte delfinansiering til både nyetablering og vidareutvikling av slik aktivitet er prioritert. Det gjeld innan område som rekneskap og økonomisk rådgjeving, revisor, advokat, arkitekt, ingeniørtenester, data, reklame og profilering, marknadsføring m.m.

Ved investering i taxi tilpassa rullestolbrukarar løyver Luster kommune 30%, og inntil kr 30.000 i tilskot for å finansiere ombygginga.

1.5.2 Transport/bygg/anlegg

Dette er bransjar med relativt mange aktørar og sysselsette i Luster.

Det er viktig å ha ein entreprenørstand med formell kompetanse og offentlege godkjenningar, som set dei i stand til å rekne på større oppdrag, både i regionen og elles.

1.5.3 Reiseliv

Luster kommune er med og finansierer felles marknadsarbeid, produktutvikling og turistinformasjon i reiselivet. Det skjer gjennom selskapet Visit Sognefjord AS. Luster kommune gjekk inn med kr 77.753 kroner i aksjekapital i selskapet. Luster kommune yter og saman med dei andre kommunane i Sogn årlege bidrag til selskapet.

Kommunen er med og yter lån til oppbygging, utviding, utvikling og standardheving av reiselivsverksemder. Kommunen kan og vere med på marknadssatsing hjå einskildverksemder eller grupper av desse, om det er særleg godt gjennomarbeidde opplegg med betydeleg satsing frå verksemda sjølv.

Luster kommune kan yte tilskot til utvikling av nye tiltak og vidareutvikling av eksisterande. Tiltak innan sesongutviding er og prioriterte.

Marknaden til reiselivet er internasjonal, og har såleis ingen lokal avgrensing.

Særleg på aktivitetssida er det viktig å få fram nye produkt og utvikle eksisterande.

Eksisterande aktivitetsverksemder innan reiseliv som gjennomfører utviklingsprosjekt (både bedriftsutviklingstiltak og investering i utstyr) vil kunne få kommunalt tilskot til dette, inntil 30% av kostnaden.

Det er fleire som leiger ut ledige rom til turistar. I utgangspunktet må ei nyetablering innan overnatting vere av ein viss storleik før Luster kommune yter finansiering frå næringsfondet. Ei nyetablering skal vere på minimum 3 utleiehytter eller 6 -10 sengeplassar i pensjonat/gjestehus o.l.

før Luster kommune er med og yter finansiering. Det er eit vilkår for å få støtte at tiltaket er i tråd med vedteken arealbruk, jf. også punkt 1.5.9.

Kommunen har ytt tilskot til ulike bok-, film- og tv-produksjonar. For at kommunen skal engasjere seg med tilskot så må sendeflate/eksponering bli vurdert til å vere vesentleg og til eit relevant segment. Som alternativ til tilskot kan det i det einskilde bokprosjekt vurderast om kommunen kan teikne seg som kjøper av et tal bøker. Kommunen handsamar kun søknadar om tilskot direkte frå produksjonen, ikkje frå leverandørar i kommunen.

1.5.4 Småkraft

Då Luster kommune gjekk inn med delfinansiering av "småkraftprosjektet", vart det konkludert med at kommunen ikkje skal nytte økonomiske ressursar til finansiering av einskildprosjekt.

1.5.5 Industri

Industrien er ein viktig og veksande bransje i Luster. Det gjev eit breitt utval av arbeidsplassar. Det er verksemdar som operer i både regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Det er viktig for kommunen å vere ein offensiv aktør og tilretteleggjar for industrien i Luster. Her bør unikt produkt kombinert med god forretningsidé og god forretningsplan være viktig del.

Det er no fleire verksemdar i Luster kommune som utviklar og produserer merke og etikettar. Desse verksemdene utviklar og produserer ulike typar merke/etikettar, dei har ulike produksjonsmåtar, noko ulik teknologi og ulike marknader. Det er likevel også verksemdar i Luster kommune som i hovudsak har lik produksjon/produkt og som konkurrerer om dei same kundane, sjølv om marknaden både er nasjonal og internasjonal. I det vidare bør Luster kommune kunne støtte større utviklingsarbeid innafor nye produktområde og nye marknader, som verksemdar i denne bransjen planlegg. Utviklingsprosjekt med innovasjon, nye produkt og ny teknologi vil vere prioritert. Luster kommune vil sjå det som interessant om verksemdar organiserer samarbeidsprosjekt, og vil kunne støtte utviklingssamarbeid mellom verksemdar innafor denne «klyngja».

1.5.6 Landbruk

Innovasjon Noreg har eigne finansieringsordningar for bruksutbygging i landbruket, til etablering og vidareutvikling av tilleggsnæringar i landbruket, støtte til frukt- og bærfelt og etablering av småskalaproduksjon av grønsaker, frukt og bær.

SMIL-midlane går i hovudsak til landbruket. Bønder som vil starte med alternative næringsprosjekt i tilknytning til garden vil bli vurdert på like line med andre etablerarar. IN har gode finansieringsordningar til dei som startar tilleggsnæringar på garden.

Luster kommune vil bidra til reduksjon i klimaavtrykket til landbruket. For å få innvilga lågare rente på lån til bruksutbygging for husdyrproduksjon er det eit krav at søkjar kan dokumentere bestilt klimarådgeving.

Luster kommune gjev ikkje støtte kjøp av landbrukseigedommar eller til kjøp av besetning.

Kommunen deltek i utviklingsarbeid innan skogbruket i eit interkommunalt vertskommunesamarbeid, som er under etablering med Vik som vertskommune.

Kommunen deltek og i interkommunal veterinærvaktordning.

Lån til investeringar i landbruket:

- Gjeld investeringar i produksjonsanlegg/driftsbygningar, lager for husdyrgjødsel og investeringar i frukt-, bær- og grønnsaksproduksjon. Investeringa skal vere knytt opp mot ein driftsplan som viser positiv økonomisk næringsinntekt. For bruksutbygging for husdyrproduksjon må søkjar dokumentere bestilt klimarådgjeving for å få tilsagn om lån.
- For bygningar som ikkje er reine driftsbygningar, vert det ikkje gjeve lågare rente på lånet, sjølv om bygningen vert brukt som driftsbygning i delar av året, t.d. lamminga.
- Gjennom næringsfondet vert det ytt lån på 20 % av godkjent kostnadsoverslag. Lånet er rente- og avdragsfritt i to år, nedbetaling over dei 13 neste åra. Lånet har halve rentesatsen av øvrige næringslån i resten av perioden. Nedre grense for å koma inn under ordninga er godkjent kostnadsoverslag på minst kr 500 000.
- Same kostnadsgrunnlag og dokumentasjon vert lagt til grunn som i Innovasjon Norge si behandling. Dersom eigeninnsatsen gjev uforholdsmessig høg utteljing på offentleg støtte, kan det i sakshandsaminga tilrådest ein reduksjon av godkjent kostnadsoverslag for utrekning av lån. Kommunen kan godkjenne søknad sjølv om Innovasjon Norge ikkje prioriterer søknaden.
- For investeringar knytt til frukt-, bær og grønnsaksproduksjon:
 - Søkjar skal dokumentere korleis investeringa skal bidra til å auke verdiskapinga knytt til bruket t.d. gjennom forretningsplan
 - Søknaden må ha næringspreg, og nyetableringar må vere handsama og godkjent hjå Innovasjon Norge før søknad kjem til handsaming i Luster kommune.

Kjøp av mjølkekvotar:

- Til kjøp av mjølkekvotar vert det ytt eit tilskot på 30% av kostnad. Øvre grense for tilskot kr 2,50 pr. liter og samla kr.50.000 pr tiltak. Dersom kvoten vert seld innan 3 år etter støtta er utbetalt, skal støtta betalast attende.
-Finansiering via direkteøyving næringsfond.

Planleggingstilskot driftsbygningar:

- Til planlegging av driftsbygningar i landbruket vert det ytt eit planleggingstilskot på 75% av godkjend kostnad, inntil kr 50 000 i tilskot pr. prosjekt. Kun eksterne kostnader vert godkjent etter motteken kopi av faktura. Beløp gjeld utan mva. Eigeninnsats gjev ikkje grunnlag for tilskot. Tilskotet gjeld dokumenterte utgifter til planlegging, herunder relevante konsulenttenester frå fagrådgjevarar, utarbeiding av teikningar, utarbeiding av driftsplan, byggplanlegging, ras-/naturfarevurdering og liknande.
-Finansiering via direkteøyving næringsfond.

Nydyrking:

- Kr 7 500 pr. dekar
-Finansiering via direkteøyving næringsfond.

Vatningsanlegg:

- Tilskot på 20% av dokumentert kostnad. Gjeld faste installasjonar og tilhøyrande utstyr av mindre omfang, til dømes fordelingsanlegg. Gjeld ikkje vatningsvogn, traktorpumper og anna lettomsetteleg utstyr. Gjeld også oppgradering av vatningsanlegg.
- -Finansiering via direkteøyving næringsfond.

Landbruksvegar/skogsvegar:

- 10% tilskot til anlegg som i tillegg får statstilskot, 20% til anlegg som ikkje får statstilskot.
-Finansiering via direkteøyving næringsfond.

Plantekjøp:

- Tilskot - 50% av kostnader med plantekjøp.
- Gjeld ved innkjøp av fleirårige planter innan frukt, grønt og bær (eige tilskot for skogbruket.
- Plantene skal vere statskontrollerte (der dette vert vurdert som landbruksfagleg relevant) og plantane skal dekke eit produksjonsareal på minimum 2 daa.
- Søkjar må dokumentere korleis utplantinga skal bidra til å auke verdiskapinga knytt til bruket. Dette skal skje gjennom å legge ved forretningsplan og/eller produksjonsløyve frå Gartnerhallen/BAMA.
- Søknadane må ha næringspreg, og nyetableringar må vere handsama og godkjent hjå Innovasjon Noreg før søknad kjem til handsaming i Luster kommune.
-Finansiering via direkteøving næringsfond.

Tunneldyrking:

- Ordninga med lån med lågare rente | gjennom næringsfondet til bruksutbygging gjeld også tunneldyrking av bær, med nedbetaling over 10 år.
-Finansiering via direkteøving næringsfond.

Veterinærordning - driftstilskot:

- Til kontorhald og vaktordning. Årleg budsjettvurdering, -eiga budsjettering/løyving.
- Tiltak for å styrke og stabilisere veterinærordninga kan finansierast ved hjelp av næringsfondet.

Tilskot til felles utmarksgjerde:

- 30 % av godkjend investeringskostnad.
-Finansiering via direkteøving næringsfond.

Tilskot skogkultur

- 20 % av godkjende kostnader til skogkultur.
- Finansiering via direkteøving næringsfond.
- Kommunalt tilskot kjem i tillegg til statstilskotet.
- Tilskotet vert gitt til innkjøp av skogplanter og kostnader ved planting og seinare tiltak som stell av plantefelt, til dømes rydding av plantefelt for uønska vegetasjon.

Elveførebygging:

- 10%. –Deling av distriktsdelen m/grunneigar/interessentar. (80% statstilskot))
-Finansiering via direkteøving næringsfond.

Finansiering via viltfondet**Tilskot til hjortegjerde**

- For gjerde av flettverk kan det gjevast tilskot tilsvarende 75% av godkjend materialkostnad inntil 75 kr i tilskot pt m gjerde, portar inkludert. Det vert ikkje ytt tilskot til vedlikehald av eksisterande hjortegjerde.
- For element byggegjerde til inngjerding av rundballelager og liknande vert det ytt tilskot tilsvarende 50% av materialkostnaden for godkjende typar element. Eigeninnsats inngår ikkje i tilskotet. Eigne retningsliner og krav til kvalitet på søknadsskjema.

Finansiering via fiskefondet

Det vert ytt tilskot til fiskefremjande tiltak, m.a. setjefisk for utsetjing i ferskvatna i Luster frå tre fiskefond:

Fonda er oppretta i samband med utbygging av:

1. Fortun/Grandfasta-vassdraget
2. Årøyvassdraget
3. Jostedalsvassdraget

Nokre retningslinjer for fiskefonda:

- Søknadar til fiskefonda skal koma frå rettshavar, eller brukshavar.
- Det vert gjeve tilskot til inntil 75 % av dokumenterte utlegg (utan eigeninnsats)
- Luster kommune, eventuelt representert ved ein oppdragstakar, har rett til seinare å nytte grunnlagsdata i andre prosjekter. Luster kommune har rett til å publisere alle data på internett.
- Alle nødvendige tillatingar frå offentlege styresmakter, grunneigarar og naboar må være i orden før tiltak vert sett i gong.
- Luster kommune har moglegheit til å dispensere frå retningslinjene når særlege høve føreligg, t.d. i vassdrag med lite/ingen næringsinntekt og der tiltaket har god samfunnsmessig nytte.

Finansiering via jordbruksfond for Fortun/Grandfasta-vassdraget

Det vart satt av ein grunnkapital på 1970-talet på kr 70 000, og det er rentemidlane som kan tildelast. Det føreligg eldre vedtekter for fondet frå 1974 ein kan vurdere å revidere. Fondet er relativt sjeldan nytta, og skal først om fremst nyttast i Fortunsområdet som skadelidande av utbygginga, men kan også gå til tiltak innanfor vedtektene elles i kommunen dersom ikkje søknadar i primærområde.

1.5.7 Bygdeutviklingsarbeid

Bygdeutviklingsarbeid på ulike måtar har dei siste 15 åra vore ein relativt viktig del av næringsutviklingsarbeidet i Luster. Kommunen vil vere deltakar både med økonomiske bidrag og rådgjeving i høve bygdeutviklingsprosessar, også i framtida. Bygdeutviklingsprosjekt der andre offentlege aktørar er med på finansieringa vil ha prioritet. I 2026 – 2028 vert eit BuLust-prosjekt delfinansiert av næringsfondet.

1.5.8 Klima- og miljøatsingar

Ekstra økonomisk medverknad til næringsprosjekt med positiv klimaeffekt

Luster kommune vil i sitt næringsarbeid yte ekstra økonomisk medverknad til næringsprosjekt som har positiv klimaeffekt. Det vil vere søkjar si oppgåve å beskrive slike effektar. Den kommunale medverknaden til klimarettte næringstiltak må vurderast frå sak til sak. I tillegg har kommunen nokre særskilte klima- og miljøatsingar som følgjer under.

Hurtigladarar

Luster kommune kan gje tilskot til hurtigladarar som gjev ei tenleg utviding av tilbodet i kommunen. Desse må søkje innan dei ordinære søknadsfristane

- Finansiering via direktebøying næringsfond.

Solceller næringsliv og landbruk

- Investeringsstilskot på inntil 20% av investeringskostnaden. Maks tilskot er kr 75 000. Søknadsfrist innan dei ordinære søknadsfristane
- Finansiering via direktebøying næringsfond.

Miljøsertifisering

Luster kommune vil stimulere til at fleire verksemdar vert miljøsertifiserte. Luster kommune løyver 20.000 kr til kvar bedrift som gjennomfører miljøsertifisering innafor dei anerkjende ordningane: Miljøfyrtårn, ISO-14001, Greenkey eller EMAS. Løyvinga skal finansierast via direkteløyving frå næringsfondet. Kommunedirektøren får fullmakt til å effektivere løyvinga, når miljøsertifiseringa føreligg. Dette skjer løpande, utan omsyn til søknadsfristar

1.5.9 Tilskot til arealplanlegging

Luster kommune ønskjer at utbyggingstiltak skal realiserast gjennom godkjente planar, og avklart arealbruk gjennom kommuneplan og/eller reguleringsplanar. Utviklinga har vorte slik at reguleringsprosessar er stadig meir tid- og kostnadskrevjande, mellom anna fordi det er krav om ulike farevurderingar. For å stimulere til at utviklingstiltak skjer med vedtekne planar innfører Luster kommune frå 2023 moglegheit til å søkje eit tilskot til reguleringsarbeid, med følgjande vilkår:

- Inntil 50% tilskot på kostnader over kr 100 000. Det vert normalt ikkje gjeve tilskot til kostnader under kr 100 000.
- Alle fakturerte utgifter tel med i grunnlaget (sakshandsamingsgebyr, konsulentkostnader, farevurdering og liknande kan inkluderas, eigeninnsats frå søkjar eller andre i søkjars bedrift gjev ikkje grunnlag for tilskot)
- Søknad kan sendast etter at oppstartsmøte med planavdelinga konkluderer med at det er grunnlag for å starte regulering, og kva krav til utgreiingar som vert stilt. Søkjar må leggje ved stadfesta tilbod frå leverandør(ar) som grunnlag for utmåling av tilskot.
- Dersom kostnaden ved reguleringsarbeidet vert vesentleg dyrare enn i søknadsgrunnlaget (meir enn 10%), eller det vert kravd fleire utgreiingstema undervegs i prosessen, kan søkjar søkje om auka tilskot.
- Ved reguleringsplanar som kjem ålmmenta til gode og som ikkje har næringsverksemd som primærmålsetjing, kan næringsutvalet i særskilte høve innvilge høgare tilskotssats eller 50% tilskott frå fyrste krone.
- Det vert ikkje gjeve tilskot til kostnader med tilbakeverkande kraft (før 2023).

- Finansiering via direkteløyving næringsfond.

Tilskot til arealplanlegging må også søkast om innan dei ordinære søknadsfristane, og tilskot kan verte avkorta dersom det ikkje er budsjett til å dekke fullt ut 50% av kostnader utover kr 100 000.

1.6 Utbetaling - rutinar

Etter at ei sak er ferdig handsama i næringsutvalet/ kommunestyret skriv administrasjonen eige brev med melding om vedtaket til søkjaren. Brevet går i kopi til evt. andre finansieringsaktørar. Brevet inneheld og opplysningar om kva som skal til for å få utbetalt lån og tilskot, klagerettar o.l.

Luster Sparebank utfyller lånepapir og syter for rett pant. Luster Sparebank nyttar som hovudregel digital signering av lånepapir. Administrasjonen i kommunen gjev utbetalingsfullmakt for lån til banken, når det føreligg ein fullstendig finansieringsplan for prosjektet og eigenkapitalen i tiltaket er nytta.

Når det gjeld tilskot kan heile summen utbetalast når prosjektet tek til. For større prosjekt vil det bli delutbetalingar.

Restutbetaling skjer når prosjektet er ferdig og det føreligg sluttrekneskap. For selskap utan revisjonsplikt og mindre tilskot til aksjeselskap godtek ein rekneskapsoppsett frå selskapet, ev deira rekneskapsførar. Større tilskot til aksjeselskap skal til vanleg levere rekneskapsoppsett som er revisorbekrefta, før restutbetaling kan skje.

1.7 Mellomfinansiering av spelemidlar

Luster kommune kan nytte næringsfondet til å yte lån som mellomfinansiering for spelemidlar. Desse sakene skal handsamast politisk og det er ein føresetnad at søkjaren har dei nødvendige godkjenningar *av prosjekt og finansieringsplan*.